



OSTERØY  
MUSEUM

M U  
H O



Årsmelding 2021

Dette året har vore prega av ei gradvis tilbakevending til ei vanleg drift etter Kovid. Det har vore gledeleg å gjennomføre utstillingssamarbeid som vart utsett pga pandemien og kunne tilby arrangement og møtestader for det frivillige nettverket og publikum.

Eit viktig, og lenge planlagt, tiltak vart gjennomført frå april, då stillinga for tekstilhandverkar vart utvida til 100%. Dette styrker arbeidet med immateriell kulturarv, men er også ei sentral satsing for å kunne inngå i samarbeid om kunnskapsproduksjon og etablere ein tydelegare profil knytt til berekraft.

Hausten har vi hatt fokus på energisparetiltak og nytt ventilasjonsanlegg er klart til årsskiftet i tillegg til mindre tiltak som nye varmekjelder, LED-lys ol.

Avdelinga er frå 2022 sertifisert som Miljøfyrtårn

Det har vore oppstart av fleire strategiprojekt, men vi ser at det er utfordrande å arbeide aktivt med dette parallelt med full, vanleg drift på museet. Dette er nyttig erfaring for vidare framdrift og planlegging av strategiarbeidet. Strategiprojektet «Nytt bygg» vil legge fram ein utviklingsplan for museumstunet komande år. Der vert samarbeidet med Osterøy sogelag vidareført, men museet prioriterer ikkje utvikling av eigne nye bygg i denne strategiperioden.

**Samarbeid Frivillige;** Avdelinga har hatt fokus på det frivillige nettverket kring museet og det er gjennomført arrangement og dugnadar i samarbeide med Osterøy museumslag. I Ådnatun har sogelaget teke oppatt dugnadsprosjektet der dei bygger nytt lagerskur. Museet er også fast medlem av styret i Stiftinga Brørvikskuta, samarbeider Osterøy sogelag om utgjeving av årbok og med Nordhordland husflidslag om dokumentasjons- og formidlingsprosjektet Åkletradisjonar i regionen. Arbeidet med bok har gått jamt framover.

### **Nettverk, Deltaking på kurs, konferansar mm:**

- Nikolai R Tallaksen har delteke på kurs i handsaming av historiske foto v Preus fotomuseum.
- Solveig Jordal og Monika Ravnanger har delteke på VLFK sin kulturkonferanse 17.11.
- Nikolai Rypdal Tallaksen er valgt inn i styret i Seksjon for immateriell kulturarv i Norges museumsforbund og har delteke på seminar og styremøte.
- Arild Sætre deltok på nettverkssamling i Bygningsnettverket, Lillehammer.
- Det vart gjennomført eit ideseminar med Jærmuseet for å utveksle erfaringar frå dokumentasjon av pelsdyrnæringa. Etter møtet er det teke eit initiativ for å utvikle eit nasjonalt museumsprosjekt om pelsdyr fram mot 2025.
- KIN har delteke på innspelsmøte til Kulturmiljøplan i Alver og hatt dialogmøte med Austrheim kommune.

**Søknadar og tilskot:** Det har vore arbeidd med fleire søknadar for prosjekt knytt til avdelinga og prosjekt i MUHO. Nokon gir resultat som tilskot til Bløddalssmia, sommaraktiviteter, sikringstiltak og Gåveforsterkingsfondet. Medan t.d. EØS søknad ikkje utløyste midlar.

Søknad i samarbeide med m.a. Bioregion Institute resulterte i tilskot til prosjektet "BIODEEP MAP" med mål å utforske samspel mellom historisk kunnskap, bruk av biomateriale, og ny teknologi.

## FORMIDLING

**Berekraft:** Den tradisjonelle material- og ressursbruken er ei viktig kunnskapskjelde til berekraftig forbruk. Dette står difor sentralt i kurs og undervisningsopplegg. Dette året t.d. gjennom vevkurs, undervisning på høgskulenivå og grunnskule. Gjennom samarbeide med nye aktørar har vi også nådd, og lagt grunnlag for å nå, nye målgrupper: Arild Sætre sin artikkel «Grønsaklager utan straum», i Dag og Tid. Samarbeide med Cloths swap under «Gjenbruksuken» i Bergen og prosjektutvikling i samarbeide med Bioregion Institute.

**Mangfaldsplakaten** er eit nyttig grunnlag for planlegging. Avdelinga har prioritert tilrettelagde tilbod til vaksenopplæringa (Nygård skule) i form av omvisingar og handverkskurs.

**Styrking av besøksmålet:** Lokalt har vi samarbeidd med reiselivslaget om lokalhistorisk kurs for guidar og utvikling av tilbod som skal styrke museet som besøksmål. Opplevingspiloten «Nonsmat på museet» vart ikkje gjennomført p.g.a. for få påmelde, men opplegget vil i 2023 inngå i eit samarbeide med Fjordslottet.

Det har vore gjort opptak til film «Tradisjonsberaren» og fotografert til fotobank med tanke på formidling og marknadsføring

Som førebuing av sesongen har to delteke på kurset «Osterøykjennar» og alle tilsette delteke på forteljarkurs. Det har også vore arbeidd med fornying av museumsbutikken.

**Sommarsesongen:** Det var ope søndag, tirsdag og onsdag, 11-15.

«Skulefri-aktivitetar» vart ikkje gjennomført sidan vi ikkje fekk nok tid til å rekruttere kvalifiserte ansvarlege. Tilskot frå Buf-dir er godkjent overført til 2023.

Besøket har ikkje teke seg oppatt etter pandemien, men faste arrangement som Handarbeidstreffet og museumslaget sine forteljarkveldar har gradvis funne tilbake til nivået frå 2019.

Ei publikumsgruppe som ikkje viser så mykje att i statistikken, men vi brukar mykje tid på pr gjest er dei som ynskjer å bruke museet sine samlingar i samband med eige arbeide. Det kan vera arkivet, eller gjenstandssamlingane som kunnskapskjelder og utgangspunkt for kopiar og ny produksjon. Desse henvendelsane har vi i liten grad kunna fylgje opp under pandemien.



### Utstillinger

**16.6.-1.9.** «**Audur the deepminded**» kunstutstilling v. Meg Rodger frå Hebridene. Tema var vikingkvinna Aud den djuptenkte. Som ein del av prosjektet var Meg på museet i 2020 for å lage ein varafell.

**30.6.-10.8.** «**Sjølvlærande åklebragder**» v. Magnus Håland Sunde. i Solbjørstova. Møte i veven mellom ei personleg historie frå vår samtid og gamle vevtradisjonar.



## Undervisning til barn og unge

**DKS tilbud til 4 klasse.** I samarbeid med Osterøy kommune vart det i veke 40 gjennomført 3 undervisningsdagar med til saman 120 elevar. Alle 4 klassane i kommunen deltok.

**Høgskulen Vestland** har i haust starta opp studiet Tekstilkultur ved Vestnorsk kulturakademi. Høgskulen starta i haust opp studiet Tekstilkultur ved Vestnorsk kulturakademi. Monika Ravnanger har deltek i utforming av studieprogram og har hatt ansvar for deler av undervisninga.

## Kurs

I samarbeide med reiselivslaget har **kurset «Osterøykjennar»** vore arrangert på museet. Til saman 7 kurskveldar med lokalhistorie og forteljarteknikk. Museet har vore medarrangør, men har også hatt 2 tilsette som deltakarar.

**«Minikurs i vev»** - eit dagskurs-opplegg er testa ut og ser ut til å fungere godt.

Sommarkursa **Veving av varafell** v Monika Ravnanger og **Spinning** v. Elisabeth Johnston vart gjennomført, men andre planlagte vevkurs i juli og oktober måtte avlysast pga for få deltakarar. Planlagt kurs i losting av never måtte også utgå då det ikkje var mogeleg å loste då kurset var planlagt.

Bygningsvernkonsulent har hatt kurs i **dendrodatering** for Rogaland fylkeskommune m.fl. Monika Ravnanger var invitert til å halde **kurs i plantefarging** under NANSW-konferansen i Narsarsuaq, Grønland.

## Arrangement

Planlagde arrangement i januar – februar (kulturkveld og basar, vinterferie) vart avlyst, eller utsett, pga Korona.

Det har vore gjennomført 6 handarbeidstreff dette året. Dette har vore eit viktig lokalt arrangement og vi arbeider med å tilpasse innhaldet for å nå eit breiare, og nytt publikum.

**Forteljarkveld:** Museumslaget har hatt ein godt besøkt forteljarkveld med Jo Gjerstad .

**4.9.«Brurepynting med tonefylgje»** i samarbeide med Kjellaug Hartveit og folkemusikarar Silje Solberg og Tuva Thomassen.

13.12. «Kulturvandring i måneskin» Kveldstur på Kulturstien på Gjerstad med guide. 12 stk deltok i nysnø og 15 minusgrader.

**Samarbeide med Cloths swap** om «Ragweave-workshop» under Gjenbruksuken 21.27.11.

## Digital formidling

Vi nådde ikkje målet om 6 artklar publisert på Digitalt museum, men har gjort

grunnlagsarbeide for fleire av dei slik at vi kan nå betre progresjon i dette komande år. Fleire QR-kodar er sett opp i utstillingane og gir fordjuping for dei som ynskjer det. Nikolai R Tallaksen deltek i utvikling av det digitale formidlingskonseptet «Blodig alvor» på Havrå

## Artiklar, foredrag mm

**Årboka «Osterøy i søge og samtid»** 2022 vert gitt ut i samarbeide med Osterøy sogelag. Den vart presentert på bokslepp 7.11.

Monika Ravnanger, Marta Kløve Juuhl heldt foredraget «**Travelling knots. Weaving the viking lifeinsurance**» på konferansen/nettverkssamlinga «North atlantic native sheep and wool conference» på Grønland i juli og foredraget «**Knutar på vandring**» på ullvekekonferansen i Nordhordland.

Arild Sætre publiserte sin artikkel «Grønsaklager utan straum» i Dag og Tid, 18.11.

**Praksisplassar ved museet.** Gjennom samarbeide med UiB er avdelinga vertskap for 2 praksisstudentar som er utplassert 200 timar i vårsemesteret.

Universitetet i Sørøst-Norge (Raulandsakademiet) hadde ein student i praksis 1 veke i april. Det same hadde Fosen folkehøgskole.

# FORVALTING

## SAMLINGANE

Det har vore eit sterkt fokus på samlingsforvaltning gjennom 2022. Det var i samlingsplanen prosjektert med tre månader til gjenstandssamlingane og eitt månadsverk til fotosamlingane, det vart også arbeidd utover desse rammene.

**I gjenstanssamlingane** har vi gjennom året hatt eit todelt fokus (1) Vidare arbeid med omorganiseringa av tekstilmagasinet, og (2) digitalisering og listeføring av Tjoresamlinga. I tekstilmagasinet vart 173 tekstilar fotografert, listeført og forskriftsmessig pakka gjennom året. Mange av desse tekstilane var allereie registrert, men mangla bilete, og var generelt ikkje tilfredsstillande registrerte. I revitaarbeidet vart folkedraktsmaterialet prioritert. Det vart også gjort 90 nyregistreringar, og dei fleste av desse var innan draktmaterialet.

Det har også blitt gjort ein del digitaliseringsarbeid i hovudmagasinet. Ved sida av omvisingsjobben i sommar har Hanna H. Ødeby fotografert tidlegare registrerte gjenstandar frå Gjerstadheimen, og lagt desse inn i Primus. Nikolai har på slutten av året gått gjennom desse registreringane og webpublisert dei fleste. Totalt har vi rapportert at 331 gjenstandar vart digitalisert i 2022, men talet er i realiteten ein del høgare. Dette skuldast at det tidigare har blitt rapportert tal som ikkje er målbare for oss i dag. Målsettinga framover er derfor å få tala vi kan hente ut av Primus til å samsvare med rapporteringa til KUD.

Det har vore eit mål å avklare og betre oppbevaringsforholda til båtane i samlingane. I samsvar med dette og i samband med den regionale kartlegginga av båtar i



museumssamlingane vart det bestemt at vi skulle registrere og tilstandsvurdere alle båtane i samarbeid med Bevaringstenestene sitt dokumentasjonsteam. Etter ein grundig gjennomgang og reingjering vart oppbevaringsforholda for dei to båtane som ligg i garasjen endra frå «ikkje tilfredsstillande» til «tilfredsstillande». I tillegg til arbeidet med våre egne samlingar har vi gjennom 2022 arbeidd mykje med å få oversikt over Tjoresamlinga. Denne samlinga er eit privat deponi som har vort på museet sidan 2010. Vi har hatt som mål å avklare eigarestatus til denne samlinga, og det har derfor vore naudsynt å ta ein skikkeleg gjennomgang av heile samlinga for på eit fagleg grunnlag å kunne vurdere om samlinga bør innlemmast i Osterøy museum eller ikkje. Det har også vore avtalefesta at samlinga skulle listeførast den gong museet tok imot deponiet, men mange av desse listene gjekk tapt i serverkrasjet i 2015. På bakgrunn av dette har vi gjennom året digitalisert og listeført 550 gjenstandar som vi ikkje kan rapportere på til KUD på noverande tidspunkt. Håpet er at vi no har gjort eit godt stykke arbeid som vi kan nytte vidare dersom samlinga skal innlemmast i Osterøy museum, og det blir viktig å avklare eigarskapet i 2023.

**Foto:** Det har vort lagt ned ein del arbeid i fotosamlingane i 2022. På slutten av 2021 vart heile fotoarkivet flytta inn i arkivrommet vårt for å gi betre plass til etableringa av eit studiemagasin i tilknytting til tekstilmagasinet.

Vi har jobba systematisk med å gjennomgå og digitalisere fleire av dei store fotosamlingane, og samstundes fått kartlagt behov for ompakking. Dei to samlingane som hadde størst behov for tiltak er bileta frå bygginga av Herlandsfossen kraftverk og Fotlandsamlinga. Sistnemnte er gjennom 2021 og 2022 nesten ferdig digitalisert og pakka om. Totalt har vi digitalisert 157 nye foto i 2020, og saman med det som vart digitalisert året før, har vi publisert i underkant av 600 foto frå denne samlinga aleine på Digitalt museum. Majoriteten av desse stammer frå glassplatenegativ og acetatnegativ i mellomformat. Herlandsfossensamlinga er tidlegare digitalisert, men her var ikkje originalane merka eller pakka om. Det har derfor blitt arbeidd mykje med gjenfinning, merking og ompakking av allereie digitalisert/publisert materiale som ikkje vort synleg i statistikken til KUD.

### **Oppbevaringsforhold**

**Gjenstandar:** I tekstilmagasinet har 173 gjenstandar blitt listeført, digitalisert og pakka etter forskrifta. Med desse tiltaka oppfyller gjenstandane krava til «svært godt» under oppbevaringsforhold. Tidlegare mangla full oversikt, og dei var ikkje tilgjengelege. Dei 173 tekstilane, saman med nokre fleire digitaliserte gjenstandar i hovudmagasinet utgjør dermed ein endring på 1,02% (avrunda til 1% i rapporteringa) av dei totale samlingane.

**Farkostar:** Oppbevaringsforholda til farkostane er endra sjølv om farkostane framleis ikkje er flytta. Dette skyldast at dei vart registrert og digitalisert i 2022, og i samtidig fekk vi reingjort og tilstandsvurdert dei. På den måten oppfyller fleire av farkostane kriteria for betre oppbevaring. Vi valte derfor å endre status for to av båtane frå «ikkje tilfredsstillande» til «tilfredsstillande» oppbevaring.

**Foto:** Fotosamlingane har gjennomgått ein del endringar i oppbevaringsstatus. Alt av fotomateriale har blitt flytta frå forrommet til tekstilmagasinet og inn i arkivrommet. Arkivrommet har gass-slokkingsanlegg og generelt betre brann og innbruddsvern enn dei andre magasinane då dei oppfyller krava til oppbevaring av offentleg arkiv. Vi har også bytt ventilasjonsanlegg på museet, som skal gi lågare temperatur, og meir stabil luftfukt. Anlegget kom på plass mot slutten av året, og det er derfor for tidleg å sei kor stor effekt dette har i praksis.

Museet oppbevarer en del negativmateriale i acetat og nitrat, og disse skulle ideelt sett vore

lagra kjølegare enn vi klarer i dag, vi vil derfor ikkje kunne oppnå «svært god» oppbevaring med dagens forutsetningar. 3,7% (runda av til 4% i rapporterte tal) av samlinga har likevel fått betre oppbevaring då 576 acetatnegativer har blitt pakket om i meir hensiktsmessige esker, og blitt digitalisert.

Vi har også betra overvakinga av både acetat- og nitratnegativa i samlinga ved bruk av AD-strips som kan gi oss en indikasjon på avgassingsnivå og fare for nedbryting.

## VEDLIKEHALD BYGG/ANLEGG

**Primus bygg:** Det har vore gjort oppdateringar og endringar i Primus bygg. Dette er eit kontinuerleg arbeid, men med oppdaterte tilstandsvurderingar er dette noe eit godt forvaltningsverktøy.

Bygg-gruppa arbeider aktivt mot KulturIt for å forbetre Primus bygg-modulen, etter å ha gjort erfaringar om funksjonar som ikkje er effektive – og med å gi felles grunnleggjande opplæring til alle brukarane i MUHO.

Museet har motteke til saman kr. 250 000 til restaurering av **Bløddalssmia**. Det er omfattande tiltak som må utførast; setje i stand pipa, tette tak, setje i stand vindauga, byte ut råteskadd kledning og taket over vasshjulet må byggast opp at. Bygg og sikringsgruppa har hatt samling ved Bløddalssmia der dei har gått gjennom istandsettingsplanane samt kurs/kunnskapsoverføring innan vindusrestaurering. Det er lagt inn straum med tanke på at smia skal brukast til smiarbeide og aktivitetar.

Det er gjennomført **mindre vedlikehald** i museumstunet på Gjerstad. Arbeid med brakeveggen er utsett til mai 2023. Ein har ikkje fått avslutta målearbeid pga dårleg ver og nødvendig prioritering av stell av uteområdet i sesongen.

Museumslaget har hatt 3 **ryddedugningar** i tunet og på kulturstien.

**Ny Sikringsplan:** Museumshjelpen a/s v. Ove Magnus Bore var engasjert våren 2022 for å utarbeide ein overordna sikringsplan for MUHO. Dette innebar ein gjennomgang med ROS analyse av alle bygningar og anlegg. Sætre har vore koordinator for planarbeidet.

**Søknad om sikringsmidlar:** med bakgrunn i sikringsplanen vart det søkt og motteke støtte til brannverntiltak på dei kulturhistoriske bygningane på Osterøy Museum. Prosjektet må fullfinansierast i 2023 slik at det kan gjennomførast tiltak.

I Ådnatun byggjer Arna Sogelag nytt lagerskur på dugnad. Her har vore stor aktivitet etter at pandemien var slutt.

## IMMATERIELL KULTURARV

Avdelinga har eit kontinuerleg fokus på koplinga mellom immateriell kulturarv og gjenstandsamlingane. Det prioriterte tiltaket dette året var utvida, heil stilling for tekstilhandverkar. Dette har m.a. gjort det mogeleg å styrke formidlinga gjennom formalisert samarbeide med HVL der museet sin kompetanse vert nytta i HVL studiet Tekstilkultur.

Det har også vore eit samarbeide med U. i Sørøst Norge der praksisstudent har hatt opphald på museet.

Arbeidet i Treskoverkstad er utfordrande å få i gang etter pandemien og det er behov for nye kurs og rekruttering for å styrke nettverk av frivillige knytt til treskoproduksjonen.

Brørvikskuta: museet medlem i styret har delteke på møter og i relevante aktivitetar.

Pelsdyr: Det er gjennomført eit to-dagars arbeidsseminar med Jærmuseet for erfaringsutveksling og planlegging av felles prosjekt fram mot 2025. Det er teke initiativ til eit nasjonalt museumsprosjekt om pelsdyrnæringa. Dette vil sjå heilskapleg på pelsdyrnæringa og kople det materiell og immaterelle, samt omfatte både stilforskning, forvaltning og formidlingstiltak.

Sjå også punktet Berekraft som syner korleis arbeidet vårt med immateriell kulturarv vert gjort relevant gjennom tiltak og samarbeide som formidlar kunnskap om berekraft. Gjennom samhandling med nye samarbeidsaktørar når vi også fram til, og skapar interesse hjå nye målgrupper.

### DOKUMENTASJON

Praksisstudentar har gjort dokumentasjon av møbelprodusentar på Osterøy. Det er også etablert kontakt med ein lokal ressursperson for vidare arbeide med dette temaet. Det er gjort dokumentasjon av lokal snekkarverkstad i privat eige.

Museet samarbeider med Nordhordland husflidslag om dokumentasjon av åkletradisjonar med mål å presentere dette i utstilling og bok.

## FORSKING

**Formalisert FOU arbeide:** Vårt prosjekt «**Knutar på vandring**» held fram og skal avsluttast i 2025. Det er ein del av det internasjonale forskningsamarbeidet «*The Borgund Kaupang by Aalesund, Western Norway. Life and Death of a Small Town in the Periphery of Europe*» initiert av UiB og støtta av Norsk forskningsråd. Delprosjektet har som mål å rekonstruere eit arkeologisk tekstilfragment frå Borgund kaupangen har fått støtte frå Agnes Geijers fond og det er rapportert på desse midlane i 2022.

Planlagt publisering er utsett til 2023 slik at produksjon av artikkel kan koplast til at Monika Ravnanger deltek på forskningskurs ved UiB våren 2023.

Det er oppretta ei informasjonsside om prosjektet <https://www.uib.no/en/rq/borgund-kaupang> og formidla m.a. gjennom film. <https://www.youtube.com/watch?v=Meqc-HWYZME>

## RÅDGJEVING I REGIONEN

Hovudaktiviteten til Kulturverntenesta i Nordhordland ligg innan feltet bygningsvern og speglar lokal aktivitet på dette feltet. Tenestene har også dette året vorte tilpassa dette behovet slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Alver. Det har vore innspelsmøte i samband med kulturminne- og kulturmiljø-planarbeide i Austrheim og Alver. I alle kommunane er dei vedtekne Kulturminneplanane eit godt og viktig verktøy for å prioritere oppgåver for samarbeidet. Men det har også dette året vore tettast samarbeide med dei kommunane som aktivt brukar kulturminneplan i forvaltninga.



**Museumstenesta:** Database- og registreringsprogrammet Primus er tilgjengeleg for historielag i regionen og det har vore rettleiing knytt til registreringsarbeid i Lindås sogelag og Postmuseet på Festo.

**Bygningsvern:** Det har vore jamn aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgjeving. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeide med søknadar. I tillegg til dei ovanfor nemnde rådgjevingstenestene tek Kulturverntenesta oppdrag med dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar Vestland fylkeskommune, men også andre fylke og private har nytta seg av denne tenesta.



*Nothus Kårbø, Alver commune. Eit av prosjekta Kulturverntenesta i Nordhordland har vore engasjert i.*